



ÅRSMELDING
Teatret Vårt
2003

TEATRET VÅRT - AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

INNHALD

| | |
|-----------------------------|---------|
| Teatret Vårt 2003 | side 3 |
| Styret si årsmelding | side 8 |
| Generalforsamling | side 8 |
| Statistikk | side 9 |
| Resultatrekneskap | side 10 |
| Balanse pr. 31.12. | side 11 |
| Notar | side 12 |
| Revisjonsmelding | side 14 |
| Repertoar | side 15 |
| Personalet ved Teatret Vårt | side 18 |

Framsdebilete: Randolph Walderhaug og Ola B. Johannessen frå *Nathan den vise*

Utgjevar: Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal
Ansvarleg utgjevar: Carl Morten Amundsen
Redaksjon: Carl Morten Amundsen, Knut Lidvard Høgset,
Kristian Lykkeslet Strømskag og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
Utforming: Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
Foto: Fred Jonny Hammerø
Trykk: EKH trykk, Molde
Opplag: 400

TEATRET VÅRT 2003

Økonomi

Til saman 34 184 menneske så framsyningane til Teatret Vårt i 2003. Det vart gjeve 291 framsyningar. Teatret Vårt hadde også i 2003 eit godt økonomisk resultat.

Rekneskapen vert gjort opp med eit overskot på 813 012,-. Eigenkapitalen er god. På fire år har teatret gått frå å ha ein negativ eigenkapital på - 3,57 mill. til ein positiv eigenkapital på 1,91 mill. Det er ein forbetring på 5,48 mill. Også i 2004 vil teatret halde fram med å investere i nytt teknisk utstyr. Likviditeten til institusjonen er god, og teatret er godt rusta til å satse endå djervare kunstnarleg i åra som kjem.

Framsyningar og publikumstal

2003 var eit godt år for Teatret Vårt.

Høgdepunktet var gjestespelet til Berlin og Dresden med *Nathan den vise*. Denne framsyninga var ei særige tolking av Lessing sitt gamle skodespel med sterke skodespelarprestasjonar frå heile ensemblet. Denne oppsettinga var ein del av Magic-Net-samarbeidet. *Nathan den vise* hadde tysk instruktør og dramaturg, ein mimekunstnar og ein musikar gjesta teatret frå Berlin. Å få høve til å framføre denne tyske klassikaren på norsk i to tyske byar var ei stor inspirasjons-

kjelde for heile teatret. I samband med gjestespelet blei heile staben invitert med. Dette vart gjort som påskjønning for den felles innsatsen alle medarbeidarane hadde vist dei siste åra med å bygge opp att økonomien og det generelle omdømet.

Ein av skodespelarane ved teatret deltok i samproduksjonen *A Midsummer Night's Dream* etter Shakespeare med premiere i Berlin i mai. Framsyninga har turnert i Tyskland, Sverige, Spania, Portugal og Noreg. Dette er og ein del av Magic-Net-samarbeidet. Våren 2004 vil ho gjeste Nederland, Irland og St. Petersburg. Framsyninga var basert på Shakespeares

tekst, men denne er sterkt omarbeidd slik at handlinga blir knytt til historia om dei fire unge og kjærleiksforviklingane deira. Fire ungdommar treff einannan på verdsveven, og alven Puck frå Shakespeare sitt skodespel leier dei fire ut i ein indre skog av erotisk lengt og intrigar.

Eit anna høgdepunkt i 2003 var urpremieren på *Det tredje tegnet* av Bjørnar Teigen. Teigen har i fleire periodar vore skodespelar ved teatret, og han fekk i oppdrag å skrive eit stykke spesielt mynta på ungdom i 12-årsalderen. Dette vart ein sjeldan liten blome av eit skodespel som verkeleg trefte publikum heime. Framsyninga blei vist i alle kommunar i fylket gjennom Den kulturelle skolesekken, og Bjørnar Teigen mottok Heddistipendet for debutarbeidet sitt som dramatiker. Forfattaren regisserte sjølv sitt eige stykke og skodespelet gjesta Oslo og Thorshovteatret hausten 2003.

Den første premieren i 2003 var *Lilly*

Valentin av Willy Russel. Stykket var omarbeidd språkleg og handlinga lagt til Ålesund

der stykket også vart innstudert og hadde premiere. Denne frodige versjonen av kvinne-monologen om husmora som i vaksen alder maktar å frigjere seg frå vanar og sjølv-tvang, vart vist i heile Møre og Romsdal og var dessutan på gjestespel i Bergen.

Framsyninga

trekte mykje folk og ho var revyartisten Astrid Overaa sitt gjennombrot som skodespelar.

I januar var det noregspremiere på Igor Bauersimas skodespel *norway.today*. Stykket er ein tankevekkjande tekst om det vanskelege temaet sjølv-mord. Framsyninga var sterk og prega av gode skodespelarprestasjonar. Framsyninga var Kulturdistetilbod for ungdomsskolen. Alle elevane på ungdomstrinnet som er med i ordninga fekk sjå denne framsyninga, og teatret fekk mange positive tilbakemeldingar.

Tradisjonen tru vart det òg i 2003 sommar-revy på Teatret Vårt. Teatret sine egne sko-



Lilly Valentin: Astrid Overaa

despelarar og innleidde musikarar mora folk i Molde med den uhøgtidelege framsyninga *Verdens navle* som raljerte med moldenserane sitt noko oppblåste sjølvbilete.

Siste eigenproduserte premiere var *Shakespeares samlede verker, lett forkortet*.

Framsyninga hadde premiere i desember og vil bli spela utover våren og hausten 2004.

Framsyninga er ein sprudlande hyllest til skodespelarkunsten, blott til lyst.

Teatret Vårt tok dessutan imot to sterke danseteaterframsyningar i *Tok Pisin* av Jo Strømgren og *Puls* fra Carte Blanche Danseteater i Bergen. Vidare blei det arrangert gjestespel frå Trøndelag Teater og frå andre norske teater samt kaféteaterframsyningar m.m. Teatret deltok også i ulike samarbeidsrelasjonar. Mellom anna laga teatret tre framsyningar under Bjørnsonfestivalen og stod bak opningsseremonien under Noregsmeisterskapen på ski i Molde i januar.



Nathan den vise:
Ola B. Johannessen og Burkhardt Seideman

Formidlingsavdeling

Våren 2003 vart Liv Anne Bjurgren tilsett i nyoppretta stilling som formidlingsleiar. Ho har ansvaret for arbeidet mot barn og unge. Ho legg til rette pedagogiske opplegg og driv verkstadarbeid med ungdom som målgruppe. Det vart laga undervisningsopplegg i samband med *Det tredje tegnet*, *Nathan den vise* og *A Midsummer Night's Dream*. For å utforme gode rettleingar har skoleelevar delteke på prøveframsyningar og samtalar med skodespelarane og teaterpedag etter framsyningane. I samband med *Nathan den vise* halde formidlingsleiar praktisk introduksjonsverkstad med elevar i vidaregåande skole i Molde, Kristiansund, Ålesund, Fræna, Sunndal, Surnadal og Sykkylven. 11 elevar frå Molde vidaregåande skole deltok på 5 arbeidssamlingar med påfølgjande framsyning av opningsscena av *A Midsummer Night's Dream*. 7 elevar frå Atlanten vidaregåande skole i Kristiansund deltok på arbeids-

samling i ei veke, i tillegg til å framføre sin eigen versjon av "bøygenscena" frå *Peer Gynt* under Magic Nets Annual Meeting i Palmela, Portugal i september. Formidlingsleiar ved Teatret Vårt er rettleiar for deira elevverksemd. I desember hadde teatret åpen dag for barn, med aktivitetar og juleframsyning for familiar. Formidlingsleiar arbeider kontinuerleg for å utarbeide nye og støtte eksisterande teatertilbod for barn og unge, og for å styrkje kompetansen innan teater blant lærarar i regionen.

Oppsummering 2000 - 2004

Både styre og teatersjef har ved årsslutt gjennomført ei fireårsperiode, og teatersjefen har takka ja til ei ny fireårsperiode. Vi har i samband med dette valt å ta med tal frå perioden 2000 til 2003, samt å omtale føringane som ligg til grunn for Teatret Vårt for den neste fireårsperioden.

Av tabellen på neste side går det fram at teatret frå 2000 og

fram til i dag har hatt eit gjennomsnittleg tilskodartal på 33 590 siste 4 årsperiode. Framsyningstala har vore nokså stabilt med unntak av 2001. Dette året hadde teatret særskilt mange korte skoleframsyningar som påverkar statistikken monaleg. Korrigerer ein for dette, ser ein teatret gjev omlag 250 framsyningar årleg. I heile fireårsperioden har om lag 2/3 av publikum og 60 % av framsyningane skrivne seg frå turnéverksemda. Vi legg dessutan med nokre tal for nittiåra til samanlikning. Vidare legg vi ved ein oversikt over repertoaret i fireårsperioden. Her er berre teatret sine eigenproduksjonar tekne med. Lista syner stor breidde i repertoaret og dokumenterer ein originalitet i stykkevala. Til dels ukjende skodespel har hatt eit overraskande stort publikum. Dette inspirerer til vidare satsing på repertoar også noko utanfor allfarveg.

| Økonomiske resultat | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 |
|------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <u>Inntekter:</u> | | | | |
| Billettsal | 2,7 | 2,8 | 3,2 | 2,8 |
| Anna | 0,5 | 0,4 | 0,8 | 0,8 |
| Tilskott | 15,4 | 16,1 | 16,4 | 17,3 |
| Sum | 18,6 | 19,3 | 20,4 | 20,9 |
| <u>Kostnader</u> | | | | |
| Drift | 17 | 17,3 | 20,1 | 20,2 |
| Finansk. | 0,1 | -0,1 | -0,1 | -0,1 |
| Ekstraord. | -0,4 | 0,2 | 0,1 | 0 |
| Resultat | 1,9 | 1,9 | 0,3 | 0,8 |
| | | | | |
| Eigenkapital pr 31.12 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 |
| Sum | -1,1 | 0,8 | 1,1 | 1,9 |

Statistikk publikum og framsyningar

Periode 2000-2003

| | |
|---------------|---------|
| 2000 | |
| Framsyningar | 227 |
| Publikum | 28 519 |
| 2001 | |
| Framsyningar | 393 |
| Publikum | 32 352 |
| 2002 | |
| Framsyningar | 248 |
| Publikum | 39 306 |
| 2003 | |
| Framsyningar | 291 |
| Publikum | 34 184 |
| Sum 2000-2003 | |
| Framsyningar | 1159 |
| Gjennomsnitt | 290 |
| Publikum | 134 361 |
| Gjennomsnitt | 33 590 |

Periode 1996-1999

| | |
|----------------|--------|
| 1996 | |
| Framsyningar | 202 |
| Publikum | 17466 |
| 1997 | |
| Framsyningar | 212 |
| Publikum | 17 636 |
| 1998 | |
| Framsyningar | 126 |
| Publikum | 21 990 |
| 1999 | |
| Framsyningar | 218 |
| Publikum | 20 271 |
| Sum 1996-1999: | |
| Framsyningar | 758 |
| Gjennomsnitt | 190 |
| Publikum: | 77 363 |
| Gjennomsnitt: | 19 341 |

For åra 2000 til 2003 har så vel talet på framsyningar som mengda publikum for Molde vore stabil kring 100 framsyningar og ca. 11 000 tilskodarar.

Repertoar 2000-2003

| | |
|----------------------------------|-----|
| 1. Karlsson på taket | AB |
| 2. Oleanna | F |
| 3. Lykkeland | C |
| 4. Hedda Gabler | B |
| 5. Deilige utsikter | E |
| 6. Vakkert | CD |
| 7. Flammefjes | F |
| 8. Vi lever 25 minutter for sent | A |
| 9. Lomman fulle av stein | F |
| 10. Harun og historienes hav | AF |
| 11. Ordet | B |
| 12. Tilbake til Venus | E |
| 13. Nittenhundre | F |
| 14. Bjørn D. | CD |
| 15. norway.today | AF |
| 16. Det tredje tegnet | ACD |
| 17. Lilly Valentin | F |
| 18. Verdens navle | E |
| 19. Nathan den vise | B |
| 20. Shakespeares samlede verker | F |

Prosentvis fordeling på kategori

| | | | |
|---|------------------|---|-----|
| A | Barn/unge: | 5 | 25% |
| B | Klassikarar: | 4 | 20% |
| C | Nye norske: | 4 | 20% |
| D | Uroppremierar: | 3 | 15% |
| E | Revy/kabaret: | 3 | 15% |
| F | Utenlandsk nytt: | 7 | 35% |



De tilsette på gjestespel til Tyskland

Ambisjonar 2004 - 2007

"Det som var den bärande bjälken i

Teatret Vårt var en stark tro på att den bästa teatern kan göras var som helst"

Henning Mankell, instruktør ved Teatret Vårt på 70-tallet

Teatret Vårt har adoptert orda til Henning Mankell som sitt slag-ord.

Vi gjer dette sjølv om vi veit at det ikkje finst lettvinde vegar til kunstnarlege resultat. All kunst forutset at vi er nyfikne, fylt av undring og fantasi, og samstundes villig til å overskride. Ein må overraske og overraskast. Å vere sjølvgod skapar sjeldan langvarig suksess. I kunsten finst ingen oppskrifter. Så sjølv om planar og strategidokument er upålitelege instrument å navigere etter, kan ein nytte dei til å reflektere over nokre målsetjingar, diskutere nokre moglege vegval.

Liten og smidig organisasjon

Små økonomiske ressursar kan bli kompensert med ein organisasjon som er smidig og oversiktleg. Raskt og einskapleg kan ein fokusere på eit kunstnarleg prosjekt, ei enkel framsyning eller samle seg bak nokre felles kunstnarlege ambisjonar.

Molde gjev kunstnarleg konsentrasjon mogleg.

Det er lite som distraherer i ein liten by som Molde. Byen ligg i god avstand frå fjernsynsstudio og kommersiell underholdningsindustri. Difor er det mogleg å halde stor konsentrasjon kring den enkelte oppsetting.

Rekruttere unge skodespelarar

Teatret skal halde fram med å rekruttere heilt unge skodespelarar, gi dei store og meningsfylte oppgåver saman med dei faste medlemmer og tilreisande gjestar.

Fleksibel og profesjonell stab

Teatret treng ein liten, men djupt profesjonell teknisk stab med stor fleksibilitet på tvers av dei tradisjonelle fagskilja. Det tekniske personale har særlege kvalifikasjonar med å avvikle turné. Desse må ein dyrke og utvikle vidare. Det scenetekniske personalet må få fridom til å utvikle seg fagleg også på dei områda der teatret ikkje har spisskompetanse.

Administrasjonen har lang erfaring og stor dugleik, både når det gjeld planarbeid, økonomi og kontakt med dei ulike arrangørane

Administrasjonen er ein sentral del av infrastrukturen til teatret.

Kunstnarleg teater for barn og ungdom

Barne- og ungdomsteater har låg prestisje i norsk teater. Teatret Vårt har teke mål av seg til å vere eit kunstnarleg teater òg for barn og ungdom. Å satse på eit ungt publikum skal vi ikkje gjere av omsyn til framtidens publikum. Barn og unge er eit publikum i dag på lik linje med dei vaksne. Dei har òg krav på at deira liv og erfaringar blir gjenstand for den same merksemda, undersøkinga, undringa og granskinga. Teater handlar om dei evige menneskelege spørsmåla om kven vi sjølv er. Barn og ungdom kavar som alle andre sjølvstøtt med slike spørsmål. Teatret Vårt vil gjennom å satse på å søke annleis barnedramatik, utvikle ny norsk barnedramatik, gjere eit bidrag når det gjeld å fornye norsk barne- og ungdomsteater. Teatret Vårt ønskjer å vere leiande på området teaterformidling, spesielt overfor denne publikumsgruppa. Teatret ønskjer å vidareutvikle si avdeling for teaterformidling i åra som kjem.

Samarbeidet med blant anna Møre og Romsdal fylkeskommune om Den kulturelle skolesekken kan bli ein reiskap i fornyinga av norsk barne- og ungdomsteater. Teatret Vårt vil assistere fleire kulturskolar med å opprette teaterfag. Vi vil i den samanhengen prioritere skodespelardugleik, ikkje ulikt slik musikkskolane har prioritert grunnopplæring på dei ulike musikkinstrumenta.

Internasjonalt samarbeid

Samarbeidet i Magic-Net sluttar i oktober 2004. Det blir ei prioritert oppgåve å erstatte dette samarbeidet med fleire og solide relasjonar. Den internasjonale utvekslinga er inspirerende for heile fagmiljøet og gjer det mogleg å vurdere eige fagleg nivå i ein internasjonal målestokk. Opphald ved teater i utlandet, kan vere ein viktig føremon for Teatret Vårt. Magic-Net var eit forum for arbeid med ungdomsteater. Det er naturleg

at det er innanfor barne- og ungdomsteatret at den vesentlege delen av slikt internasjonalt samarbeid vil finne stad med sentrale teater i dette nettverket.

Teatret Vårt held fram med å medvirke i EuNetArt - den europeiske organisasjonen for kunstformidling mot barn og unge.

Nye utfordringar i turnépolitikken

Eit kjerneområde for verksemda til regionteatret er turnear. Teatret Vårt skal vere teater for heile Møre og Romsdal. Innanfor barne- og ungdomsteatret når teatret betre ut enn nokon gong takka vere ein velfungerande kulturell skolesekk. Når det gjeld det ordinære tilbodet til det vaksne publikum er situasjonen vanskelegare. Marknadssituasjonen har endra seg på dei snart 32 åra teatret har

vore på veggen. Fritids- og underholdningstilboda er større. Det er tungt å markere seg tilstrekkeleg på den ein-skilde spelestad. Det er krevjande å opprette sterke eigarskapsband til bygdar, byar og tettstadar vi



Det tredje tegnet: Pål Rønning og Tiril Pharo

berre vitjar nokre dagar i løpet av eit år. Teatret vil i åra som kjem måtte styrke arrangørnettverket. Saman med Møre og Romsdal fylke og kommunane må teatret finne fram til ein turnépolitikk tilpassa vår tid.

Særleg må teatret styrke sin posisjon i dei to andre store byane, Ålesund og Kristiansund. Her finst det eit stort publikumspotensiale. Teatret må saman med andre aktørar byggje opp lokal representasjon som kan arbeide profesjonelt med formidling av teaterframsynningar (òg framsynningar frå andre, slik som Riksteatret).

STYRET SI ÅRSMELDING

Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

Generalforsamling

Generalforsamling i AS Regionteatret i Møre og Romsdal vart halden i Teaterhuset Forum 16. juni 2003.

Tilstades var:

Nils-Gunnar Solli, fullmakt Møre og Romsdal fylke
Rolf Myhre, Molde kommune
Leif Lagesen, fullmakt NUMØR

Representant for revisor
Sigmund Harneshaug

Elles møtte:

Elen Lein, styreleiar
Carl Morten Amundsen, teatersjef
Knut Lidvard Høgset, adm.sjef

Rekneskap og årsmelding vart samrøystes vedteke. Generalforsamlinga tok til etterretning kven som var oppnemnde som styremedlemmer.

Styret

Styret hadde i 2003 seks styremøte og hand-sama i alt 28 saker.

Styret hadde slik samansetjing:

Som representantar frå staten:
Elen Lein, styreleiar
Gunnar Hals, styremedlem
Heidi Løklingholm, styremedlem
Arild Hervik, styremedlem
Bjørn Michelsen, 1. varamedlem
Liv Stette, 2. varamedlem

Som representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune:
Ottar Brage Guttelvik, styremedlem
Aud Folkestad, varamedlem

Som representantar frå Molde kommune:
Per Kåre Trengereid, nestleiar
Lars Oltedal, varamedlem

Som representantar for dei tilsette:
Gøril Haukebø
Vara for ansatterepresentant/observator

Finn Landsperg
frå 16.6. Svein Larsen
Vara for observator:
Halvard Fiksdal

Representasjon
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:
Styremedlem: Carl Morten Amundsen

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:
Styreleiar: Knut Lidvard Høgset

Norsk Teater- og orkesterforening:
Varamedlem i styret: Elen Lein

Forhandlingsutvalet i Norsk Teater- og orkesterforening:
Carl Morten Amundsen

Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2003 har vore godt. Det totale sjukefråværet i år 2003 har vore 0,47 årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Teatret har et styre med 3 kvinnelige representantar av totalt 7 styremedlemmer, der styreleiar er ei kvinne. Teatret gjennomførte i 2003 to produksjonar der vi har hatt kvinnelege instruktørar.

Økonomien i selskapet

Teatret Vårt hadde i år 2003 eigeninntekter og tilskott på til saman 20.888.431,-. Totale tilskott utgjorde 17.352.875. Dei faste driftstilskotta er fordelt med 11.905.000,- frå Kultur- og kyrkjedepartementet, 2.551.775,- frå Møre og Romsdal fylkeskommune og 2.551.100,- frå Molde kommune. I tillegg fekk teatret eit ekstra tilskot frå staten for 2003 på 210.000,- og støtte frå kulturrådet på til saman 135.000,- der 60.000 var støtte til Ny norsk dramatik og 75.000,- til reisetøtte i samband med vårt gjestespel til Berlin og Dresden.

Driftsresultatet er på 721.592,-. Resultat av finanspostane er på kr 91.420,-. Eigenkapitalen var ved inngangen til 2003 på 1.097.727,-. Overskottet på 813.012,- er avsett til annan eigenkapital. Ved utgangen av 2003 har teatret ein eigenkaptial på 1.910.738,- der 550.000 er aksjekapital. Årsrekneskapen for 2003 er satt opp under føresetnad om fortsatt drift.

STATISTIKK 2003

| Produksjon | Publikum | Framsyrningar | For barn og ungdom | |
|-----------------------------|--------------|---------------|--------------------|---------------|
| | | | Publikum | Framsyrningar |
| Lilly Valentin | 8315 | 53 | | |
| norway.today | 6163 | 57 | 6163 | 57 |
| Bjørn D. | 375 | 5 | | |
| Det tredje tegnet | 7766 | 45 | 7766 | 45 |
| Verdens Navle | 877 | 9 | | |
| Espresso | 241 | 6 | | |
| Nansens sønn | 142 | 3 | | |
| Nathan den vise | 3454 | 35 | | |
| A Midsummer Night's Dream | 4018 | 37 | 4018 | 37 |
| Polar | 80 | 1 | | |
| Sidescenen | 168 | 4 | | |
| Nittenhundre | 500 | 13 | | |
| Bjørnsonfestivalen | 640 | 2 | | |
| Shakespeares samlede verker | 928 | 14 | | |
| Party | 95 | 2 | | |
| Tok Pisin | 92 | 1 | | |
| Barnlige lyst | 83 | 1 | 83 | 1 |
| Puls | 105 | 1 | | |
| Trassig som fanden | 172 | 2 | | |
| Sum | 34184 | 291 | 18030 | 140 |

Framsyrningar og billettinntekter

| | |
|---------------------------|-----------|
| Publikum | 34.184 |
| Framsyrningar | 291 |
| Billettinntekter | 2.762.157 |
| Gj.snitt inntekt pr.bill. | 80,80 |

Fast og åremåls tilsett personale

| | |
|---------------------------------------|-----------|
| Teatersjef/administrasjon/ marknad | 10 |
| Skodespelarar | 6 |
| Teknisk personale | 8 |
| Formidlingsavdeling | 1 |
| Sum tilsette | 25 |
| Utgjer 22,75 heile stillingar | |

Totale driftsinntekter- og utgifter

| | |
|------------------------------------|-----------|
| Eigne inntekter | 3.535.556 |
| = prosent av totale driftsutgifter | 17,5 |

Deltidstilsette

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 64 personar på deltid i løpet av året.

Tilskott

| | |
|-------------------------------|-------------------|
| Staten (kap. 324, post 71) | 11.905.000 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | 2.551.775 |
| Molde kommune | 2.551.100 |
| Andre tilskott | 345.000 |
| Samla tilskott | 17.352.875 |

RESULTATREKNESKAP

| | | 2003 | 2003 | 2002 |
|---------------------------------------|---------|-------------------|-------------------|-------------------|
| | NOTE | Rekneskap | Budsjett | Rekneskap |
| I Driftsinntekter | | | | |
| Billett- og programsal | 2 | 2 762 157 | 2 825 000 | 3 162 400 |
| Andre inntekter | | 773 399 | 672 300 | 790 103 |
| Driftstilskott | | 17 352 875 | 17 067 375 | 16 395 000 |
| Sum driftsinntekter | | 20 888 431 | 20 564 675 | 20 347 503 |
| II Driftskostnader | | | | |
| | 1 | | | |
| Kostnader arbeidskraft | 3, 4, 5 | 12 357 605 | 13 282 221 | 11 828 918 |
| Materialkostnader | | 398 584 | 464 560 | 675 037 |
| Sal- og informasjonskostnader | | 847 035 | 867 837 | 766 942 |
| Andre driftskostnader | | 4 187 685 | 3 705 657 | 4 441 333 |
| Kostnader lokale | | 1 878 634 | 1 859 400 | 1 895 150 |
| Utstyrskostnader | | 86 296 | 93 500 | 80 100 |
| Avskrivningar | 6 | 411 000 | 370 000 | 400 000 |
| Sum driftskostnader | | 20 166 839 | 20 643 175 | 20 087 479 |
| III Driftsresultat | | 721 592 | -78 500 | 260 023 |
| IV Finansielle postar | | | | |
| Finansinntekter | | 128 227 | 110 000 | 255 932 |
| Finanskostnader | | 36 807 | 31 500 | 110 657 |
| Resultat av finansielle postar | | 91 420 | 78 500 | 145 275 |
| V Resultat før EOP | | 813 012 | 0 | 405 298 |
| VI Ekstraordinære postar | | | | |
| Ekstraordinære inntekter | | | | |
| Ekstraordinære kostnader | | | | 134 547 |
| Resultat av ekstraord. postar | | 0 | 0 | -134 547 |
| VII Resultat | | 813 012 | 0 | 270 751 |

BALANSE pr 31.12

| | NOTE | 2003 | 2002 | 2001 |
|--|------|------------------|------------------|------------------|
| Anleggsmidler | | | | |
| Varige driftsmidler | 6 | 1 889 667 | 1 855 301 | 1 409 387 |
| Stiftelsen Bjørnsonfestivalen | | 20 000 | 10 000 | 10 000 |
| Stiftelsen Ålesund Teaterfestival | | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| Stiftelsen Shwittersdagene | | 5 000 | 5 000 | 5 000 |
| KLP | | 57 777 | 57 777 | 57 777 |
| Sum anleggsmidler | | 1 975 444 | 1 931 078 | 1 485 164 |
| Omløpsmidlar | | | | |
| Andre kortsiktige fordringar | | 346 463 | 378 155 | 289 052 |
| Depositum, leigebuarinnskot | | 19 247 | 25 987 | 13 888 |
| Debitorar | | 204 215 | 155 461 | 360 953 |
| Kasse, bank | | 1 763 485 | 1 813 343 | 2 903 738 |
| Sum omløpsmidlar | | 2 333 410 | 2 372 945 | 3 567 630 |
| SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSMIDLAR | | 4 308 853 | 4 304 023 | 5 052 794 |
| Eigenkapital | | | | |
| Innskutt eigenkapital | | | | |
| Aksjekapital (275 å 2.000,-) | 7 | 550 000 | 550 000 | 550 000 |
| Opptent eigenkapital | | | | |
| Annan eigenkapital | | 1 360 738 | 547 727 | 276 975 |
| Sum eigenkapital | | 1 910 738 | 1 097 727 | 826 975 |
| Langsiktig gjeld | | | | |
| Lån Fokus bank | | 0 | 533 127 | 1 558 013 |
| Sum langsiktig gjeld | | 0 | 533 127 | 1 558 013 |
| Kortsiktig gjeld | | | | |
| Kreditorar | | 755 971 | 876 204 | 849 693 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 9 519 | 139 082 | 132 417 |
| Skuldig feriepengar m.m. | | 927 804 | 832 536 | 792 533 |
| Skuldig offentlege avgifter | | 704 821 | 825 347 | 893 163 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 2 398 115 | 2 673 168 | 2 667 806 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 4 308 853 | 4 304 023 | 5 052 794 |

NOTAR

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak. Disse rekneskapsprinsipp er brukt: Variabel tilvergingskost for eigetilvirka varer, FIFO-metoden for tilordning av anskaffelseskost for ombytelege finansielle egedelar, lågaste verdi prinsipp for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar, forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført-kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

Note 1: Turnéutgifter

| | |
|-------------------------------|------------------|
| Lønnsrelaterte kostnader | 1 340 000 |
| Husleige, arrangørhonorar m.m | 345 000 |
| Transport og bilhald | 404 000 |
| Hotel | 436 000 |
| Sum turnéutgifter | 2 525 000 |

Turnéutgiftene er definert som utgifter direkte knytta til turneverksemd. Ordinær lønn i turneperioden er tildømes ikkje medrekna her, men kostnader til turnetillegg, diett m.m som direkte kan knyttast til turneverksemd.

Note 2: Billettinntekter

| | Billett |
|-----------------------------|------------------|
| Kaféteater | 13 150 |
| Barnlige lyst | 2 660 |
| Det tredje tegnet | 536 310 |
| norway.today | 298 525 |
| Bjørn D. | 5 390 |
| Magic-Net/EUnetArt | 5 880 |
| Nittenhundre | 44 535 |
| Lilly Valentin | 1 254 012 |
| Espresso | 26 105 |
| Natan den vise | 292 520 |
| Verdens Navle | 87 850 |
| Nansens Sønn | 12 775 |
| Trassig som fanden | 2 350 |
| Party | 3 580 |
| Polar | 5 500 |
| Tok Pisin | 14 870 |
| Shakespeare samlede verker | 50 375 |
| A Midsummer Night's Dream | 59 435 |
| Marie Bergmann/Stig | 7 710 |
| Puls | 15 950 |
| Gjestespil Torshovteatret | 22 675 |
| Sum billettinntekter | 2 762 157 |

Note 3: Godtgjersle

For perioden 01.01.03 til 31.12.03 er det utbetalt honorar til styret med kr. 43.575,-.

Løn til teatersjef kr. 524.232,-, inkludert husleige kr. 61.094,-.

Revisor har motteke følgjande godtgjersle for ordinær revisjon kr. 31.000,- og kr. 7.440,- i konsulent honorar.

Note 4: Lønskostnader

| | 2003 | 2002 |
|--------------------|-------------------|-------------------|
| Løningar | 9.153.667 | 8 537 852 |
| Arbeidsgivaravgift | 1.378.666 | 1 319 010 |
| Pensjonskostnader | 880.806 | 1 126 274 |
| Andre ytingar | 944.466 | 845 782 |
| Sum | 12.357.605 | 11 828 918 |

Note 5: Pensjonsforpliktingar

Teateret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse.

| PENSJONS-FORPLIKTINGAR | 01.01.2003 FAKTISK | 31.12.2003 ESTIMAT |
|---------------------------------------|-----------------------|-----------------------|
| Brutto forpliktingar | 6 209 041 | 7 320 066 |
| Pensjonsmidlar | 5 254 090 | 6 455 704 |
| Netto forpliktingar før arb.avgift | 954 951 | 864 362 |
| Netto forpliktingar inkl arb.g avg | 1 089 599 | 986 237 |
| Bereknings- føresetnader | | |
| Diskontering | | 6,50 % |
| Lønnsregulering | | 3,40 % |
| G-regulering | | 3,40 % |
| Forventet avkastning | | 7,00 % |

Note 6: Varige driftsmidler

| | 2003 |
|----------------------------|------------------|
| Anleggskostnader 01.01 | 4 796 993 |
| + tilgang i året | 445 366 |
| Anleggskostnader 31.12. | 5 242 359 |
| Tidligere avskrivningar | 2 941 692 |
| Årets avskrivning | 411 000 |
| Bokført verdi 31.12 | 1 889 667 |

Note 7: Aksjar og aksjonærar

Selskapet sin aksjekapital er på 550 000,-
fordelt på 275 aksjar á 2 000,-.

Aksjonærar er:

Møre og Romsdal fylkeskommune,
132 aksjar

Molde kommune,
132 aksjar

Norges ungdomslag, Møre og Romsdal,
11 aksjar.

Molde den 26. april 2004

Elen Lein
styreleiar

Per Kåre Trenbered
nestleiar

Ottar Brage Guttelvik

Heidi Løkingholm

Gunnar Hals

Arild Hervik

Gøril H. Haukebo

Carl Morten Amundsen
teatersjef

Sigmund Harneshaug Statsautorisert revisor

Rådhusplassen 1
6413 MOLDE

Telefon: 71 11 14 51
Telefaks: 71 25 19 09
Telefon: 71 11 10 00 –hovedkontor
E-post: sigmund.harneshaug@molde.kommune.no
Revisornr.: 962 517 951
Medlem av Den norske Revisorforening

Til
Generalforsamlinga i
AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Sted/dato

Molde, 26. april 2004

Revisjonsmelding for 2003


Eg har revidert årsrekneskapen for AS Regionteatret i Møre og Romsdal for rekneskapsåret 2003 som syner eit årsoverskot på kr 813 012. Eg har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet.

Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiari for selskapet. Min oppgåve er å vurdere og uttale meg om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Eg har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Norge. God revisjonsskikk krev at eg planlegg og utfører revisjonen slik at han gir meg den tryggleiken eg treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og internkontrollsystema i selskapet. Eg meiner at revisjonen min gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Eg meiner at:

- ♦ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2003 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Norge.
- ♦ leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk i Norge.
- ♦ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.
- ♦ dei mottokne statstilskott er nytta i samsvar med Stortingets føresetnader.


Sigmund Harneshaug
Statsautorisert revisor

REPERTOAR 2003



Nittenhundre: Randolph Walderhaug

NITTENHUNDRE

Av Alessandro Barrico
Omsett av Birgit Owe Svihus
Regi: Carl Morten Amundsen

Medverkande: Randolph Walderhaug
Noregspremiere 12. desember 2002
Publikum 500
Framsyningar 13



Lilly Valentin: Astrid Overaa

LILLY VALENTIN

Av Willy Russel
Regi: Erik Ulfsby
Scenografi: Arne Nøst

Medverkande: Astrid Overaa
Premiere 11. januar 2003
Publikum 8315
Framsyningar 53



norway.today: Thorir Sæmundsson og Siren Jørgensen

norway.today

Av Igor Bauersima
Omsett av Carl Morten Amundsen

Regi: Ola B. Johannessen
Medverkande:
Siren Jørgensen
Thorir Sæmundsson
Noregspremiere 16. januar 2003
Publikum 6163
Framsyningar 57



*Det tredje tegnet:
Thomas Magnus Kristiansen, Pål Rønning og Tiril Pharo*

DET TREDJE TEGNET

Av Bjørnar Teigen
Regi: Bjørnar Teigen
Scenografi: Arne Nøst
Dramaturg: Carl Morten Amundsen

Medverkande:
Pål Rønning
Tiril Pharo
Thomas Magnus Kristiansen
Siren Jørgensen

Urpremiere 7. mars 2003
Publikum 7766
Framsyningar 45



Verdens nave: Randolph Walderhaug, Siren Jørgensen og Pål Rønning

VERDENS NAVLE

Kabaret av og med:
Randolf Walderhaug
Pål Rønning
Gøril Haukebo
Siren Jørgensen
Thomas Magnus Kristiansen
Bjørnar Teigen
Carl Morten Amundsen

Verdenspremiere 31. mai 2003
Publikum 877
Framsyingar 9



Shakespears samlede verker: Pål Rønning, Randolph Walderhaug og Thorir Sæmundsson

SHAKESPEARES SAMLEDE VERKER (lett forkortet)

Av William Shakespear
Omsett av Randolph Walderhaug
Regi: Liv Anne Bjurgren

Medverkande:
Pål Rønning
Thorir Sæmundsson
Randolf Walderhaug

Premiere: 5. desember 2003
Publikum 928
Framsyingar 14



Verdens nave: Randolph Walderhaug, Siren Jørgensen og Pål Rønning

NATHAN DEN VISE

(Magic-Net produksjon saman med
carrousel Theater an der Parkaue, Berlin)
Av Gotthold Ephraim Lessing
Omsett av: Trond Winje
Regi: Manuel Schöbel
Scenografi/kostymer: Thomas Bjørnager
Musikk: Dietrich Petzold
Dramaturg: Felicitas Loewe

Medverkande:
Ola B. Johannessen
Bjørnar Teigen
Randolf Walderhaug
Pål Rønning
Vivi Sunde
Gøril Haukebo
Siren Jørgensen
Burkhardt Seideman

Premiere 11. september 2003
Publikum 3454
Framsyingar 35



Bjørn D. Pål Rønning

BJØRN D.

Av Bjørnar Teigen
Medverkande: Pål Rønning
Publikum 375
Framsyingar 5



*A Midsummer Night's Dream:
Jorge Cabezas og Thorir Sæmundsson*

A MIDSUMMER NIGHT'S DREAM

Magic-Net produksjon: carousel Theater an der Parkaue, Berlin, het MUZ Theatre, Zaandam, Teatro Guirigai, Madrid, Pilot Theatre Company, Castleford West Yorkshire og Teatret Vårt, Molde.

Etter William Shakespeare

Regi: Manuel Schöbel

Scenografi og kostymer: Frauke Bischinger

Mursikk: Jan-Willem van Kruyssen og Jan van Rijnsouwer

Medverkande: Dorine Niezing, Johanna-Julia Spitzer, Jorge Cabezas, Richard Hahlo, Thorir Sæmundsson

Publikum 4018

Framsyningar 37

BARNLIGE LYST

Publikum 53

Framsyningar 1



SIDESCENEN

Publikum 168

Framsyningar 4

POLAR (gjestespel)

Av Kyrre Andreassen

Medverkande:

Sven Nordin

Rune Temte



Publikum 80

Framsyningar 1

PARTY (gjestespel)

Gjestespill frå

Trøndelag Teater

11. mars 2003

Publikum 95

Framsyningar 2



ESPRESSO

(gjestespel)

Gjestespill frå

Trøndelag Teater

24. april 2003

Publikum 241

Framsyningar 6



PULS (gjestespel)

Bjørnsonhuset 9.

oktober 2003

Publikum 105

Framsyningar 1



TOK PISIN

(gjestespel)

Bjørnsonhuset 20.

september 2003

Publikum 92

Framsyningar 1



TRASSIG SOM FANDEN (gjestespel)

24. januar 2003

Publikum 172

Framsyningar 2

NANSENS SØNN

(gjestespel)

30. januar 2003

Gjestespel frå

Nationalteatret

Av og med Henrik Mestad

Publikum 142

Framsyningar 3



PERSONALET PÅ TEATRET VÅRT 2003

Skodespelarar:

| | |
|---------------------------|--------------|
| Randolf Walderhaug | fast tilsett |
| Vivi Sunde | fast tilsett |
| Gøril Haukebø | fast tilsett |
| Thorir Sæmundsson | åremål |
| Siren Jørgensen | åremål |
| Pål Rønning | åremål |
| Ola B. Johannessen | 02.06-30.11 |
| Bjørnar Teigen | 01.01-30.11 |
| Thomas Magnus Kristiansen | 06.01-30.06 |
| Tiril Pharo | 06.01-09.05 |

Teknisk:

| | |
|------------------|---------------|
| Bjørn Kalvatšvik | inspisient |
| Mathias Hammerø | verkstad |
| Finn Landsperg | lysmester |
| Svein Larsen | scenemester |
| Bergliot Rørvik | rekvisitør |
| Åshild Mjåseth | leiar systove |
| Gerd Austnes | systove |
| Knut Karlberg | verkstad |

Administrasjon:

| | |
|------------------------------|---------------------------|
| Carl Morten Amundsen | teatersjef åremål |
| Knut Lidvard Høgset | adm. sjef |
| Halvard Fiksdal | produsent/prod.tekn.leiar |
| Borghild Rosvoll | salsleiar |
| Rolf-Inge Pedersen Hjelseth | informasjonsleiar |
| Mary Farstad | adm.konsulent |
| Evy Johannessen | adm.sekretær |
| Liv Anne Bjurgren | formidlingsleiar åremål |
| Rune Digernes | billettsekretær (40%) |
| Kristian Lykkeslet Strømskag | dramaturg (10%) |

Totalt faste/deltidstilsette: 64

Teatret Vårt

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no